

Kva meiner Foucault med omgrepet konstruksjon?

Jeanne Boge

Vitskapsteoretisk essay til dr. polit- graden ved Det Medisinske fakultetet, Institutt for samfunnsmedisin, Seksjon for sykepleievitenskap, Universitetet i Bergen

Introduksjon

Sjølv om Michel Foucault (F.) (1926 – 1984) skreiv mykje om makt og seksualitet, var det sjølvet som var hovudinteressa hans; Måtane menneske på ein gong vart objektivert og konstruert som subjekt. Utover i forfattarskapet får seksualiteten i stigande grad eksemplifiserande karakter (Heede 2000:20, Callewaert 2003:48).

I essayet vil eg prøve å svare på kva F. meiner med omgrepet konstruksjon, ved å gjennomgå tre måtar han viser at mennesket har blitt konstruert på. Deretter vil det bli diskutert om - , eventuelt korleis desse konstruksjonsformene kan stimulere til kritisk refleksjon kring sjukepleie i institusjonar og kring vitskapleg tenking og aktivitet i sjukepleiefaget. Avslutningsvis vil ein diskutere korleis dei tre formene for konstruksjon kan kasta lys over ein doktorgradsstudie i sjukepleie som omhandlar pasientar og pleiarar sine handteringar og opplevingar av kroppspleierelasjonar i sjukeheimsinstitusjonar.

3 former for menneskeleg konstruksjon med tilhøyrande tekstar:

- Konstruksjon av menneske ved hjelp av disiplin.
Foucault 1975/1999: Overvåkning og straff; Disiplin: 123-201
- Konstruksjon av menneske ved hjelp av vedkjenningar
Foucault 1976/1995: Viljen til viten; Vi viktorianere som er annerledes: 13-24
Undertrykkelseshypotesen: 25-61, Scientia sexualis: 62-86
- Konstruksjon som sjølvkultivering
Foucault 1984/2002: Omsorgen for seg selv;
Selvkultiveringen: 47-85, Ekteskapets rolle: 86-98
Foucault 1984/2001: Bruken av nytelsene; Den sanne kjærligheten: 263-285

Det F. skriv om *disiplin* og *vedkjenningar* er ein kritikk av tenking som utvikla seg i tidleg modernitet, der ein meinte menneske var fornuftig. F. sin posisjon var derimot at det fornuftige menneske var ein konstruksjon, og at det var bestemte former for fornuft som var

legitime. Opplysningsarbeidet gjekk ut på å skapa menneske som var nyttige og funksjonelle i samfunnsmaskineria som utvikla seg i denne perioden; Det var dette veltilpassa, nyttige menneske ein kalla fornuftig; Dette menneske som vart studert og definert av vitskapane som om det var natur. Denne mekanistiske tenkinga om menneske som slo rot i tidleg modernitet, festa seg kroppslig i det enkelte menneske (Foucault 1975/1999:123-201, Foucault 1976/1995:62-86, Heede 2000:7-17, 135). I siste delen av livet sitt, frå midten av 1970 - talet og fram til han døde i 1984, fordjupa F. seg i klassisk gresk tenking nokre hundre år før Kristi fødsel, og dei to fyrste hundreåra av vår tidsrekning. I desse kulturane fann F. diskursar som i stor grad fokuserte på menneske sin *konstruksjon/kultivering av seg sjølv* (Foucault:1984/2001,1984/2002). Nedanfor vert det ein gjennomgang av dei tre ovanfor nemnde konstruksjonsformene; Disiplin, vedkjenning og sjølvkultivering.

Konstruksjon av menneske ved hjelp av disiplin

Den føyelege kroppen

F. brukte soldaten som eksempel når han skulle beskrive korleis disiplineringsteknikkar kunne konstruere kroppar. Frå å vera djerve, kvikke, årvakne menn med heva hovud og elegante, stolte framtoningar, vart soldaten i andre halvdel av 1800-talet handtert som eit slags materiale som ein, ved hjelp av ei rekkje disiplineringsteknikkar, kunne forme/konstruere til den maskin ein trengte. Ein tvang fram ein kropp som alltid var tenesteviljug. Den same disiplinering slo rot blant anna i sjukehus, skular og verkstader/fabrikkar (Foucault 1975:125).

Disiplineringsstrategiar; F. skriv at disiplineringa føregjekk på to skilde plan. På det eine planet var det krav om å underkaste seg og dra nytte av kroppen, mens på den andre sida gjaldt det å forklare korleis den fungerte. På det eine planet stod kroppen fram som nyttig, på det andre som forståeleg. Det føyelege var sambandet/knutepunktet mellom den kroppen som kunne manipulerast og den som kunne analyserast ved hjelp av vitskaplege metodar (Ibid.:126). Føyeleg var kroppen når den let seg underkasta, bruka, omforma og perfeksjonera. Å halda disiplin var å underkua og tvinga kroppen til å vera føyeleg og nyttig. Det som gjorde disiplinen elegant var at den klarte seg utan å ty til vold. Ein forma kroppen slik steinhoggaren forma steinen (Ibid.:129). Eit viktig element i disiplineringarbeidet var fokus på detaljar. For det disiplinerte menneske, som for den sanne truande, var ingen detalj uvesentleg. Dei nøyaktige reglementa, pirkete inspeksjonane og kontrollering av kvar smitt og smule av livet og av kroppane, gav snart dette mystiske synet på ørsmå detaljar i skular,

kasernar, sjukehus og verkstader. Alle desse små tinga skulle utnyttast politisk. Av alle desse småtteri og bagatellar oppstod det humanistiske menneske (Ibid:130).

Funksjonelle inndelingar; I fylgje F. var ulike former for internering sentrale aspekt ved konstruksjon av den føyelege kroppen. Ei form for internering, var innelukking av omstreifarar og forkomne fattige. Ei vel så effektiv innestenging føregjekk meir diskret i form av for eksempel internat. Internata var bygde etter klostermodellen. Også kasernar og fabrikkane likna på kloster - lukka byar. Eit berande prinsipp var at alle skulle ha sin faste plass. I pleie av sjuke innebar dette ei endring frå allmennhospital der menneske med ulike sjukdommar og lidingar fekk sin plass uavhengig av sjukdom og pleiebehov, til behandlingshospital der ein blei gruppert etter sjukdom og symptom. Det disiplinære rom tenderte mot å bli splitta i like mange delar som det fans lekamar eller element å fordela, på ein slik måte at ein til ei kvar tid kunne overvaka den enkelte si åtferd, vurdera og sanksjonera den og måla dei eigenskapar eller fortener den hadde. Inndelingar hadde som formål å plassera menneska slik at systema vart så funksjonelle som mogeleg. På sjukehusa laga ein nøye inndelingar av romma på bakgrunn av systematisk klassifisering av sjukdommar. Denne spesialiseringa gjorde det enklare å observere – , analysere og utvinne kunnskap om symptom og sjukdommar (Ibid.:131-137).

Tidsaspekt: Munkefelleskapet var dei fyrste som laga og fylde strenge timeplanar, og denne skikken spreidde seg hurtig i fylgje F. Dei tre store metodar; Å laga inndelingar, tvinga menneske til å driva med bestemte gjeremål og å laga rytmar var element som institusjonar som ytte pleie og hjelp, adopterte frå klostra. Ofte var slike institusjonar bygd som aneks til klostra. Også verkstadane/fabrikkane hadde lenge eit religiøst preg, ved at ein let fabrikkane minna om kyrkjesamfunn. Ein innlemma fabrikkarbeidarane i ”fabrikk-menighetar”. Den tid som vart målt og som ein betalte for skulle vera plettfri, lytefri tid av god kvalitet, der kroppen heile tida var i arbeid. God bruk av kroppen muliggjorde god bruk av tida. Å vera nøyaktig, regelmessig og å framvisa flid var viktig. Bruk av timeplan skulle hindra faren for å sløsa bort tida, for det var syndig og økonomisk uheiderleg. Det gjaldt å pressa ut stadig fleire disponible augneblinkar av tida, og av kvar augneblink stadig fleire tenelege krefter. Ein måtte prøva å intensivera bruken av den minste augneblink, og såleis prøva å nærma seg ein idealtilstand der maksimalt tempo vart møtt med maksimal effektivitet (Ibid:138-143).

Enkle, gode dresseringsmiddel

F. skriv at disiplinen sin suksess utvilsamt hadde samanheng med at verkemidla var så enkle: Det hierarkiske blikk, den normaliserande sanksjon og deira kombinasjon til ein særskild metode; Eksaminasjonen.

Hierarkiske blikk; Menneskeobservatorium etter modell av militærleirane oppstod langsamt i den klassiske tidsalder (Foucault 1975:156). F. omtalte sjukehusa som slike observatorium, samstundes som dei var reiskap for medisinsk behandling. Sjukehusbygningane si form gjorde det mogeleg å skilja dei sjuke, noko som skulle forhindra smitte, samstundes gjorde denne utforminga institusjonane både til observasjonsstadar og terapeutiske verkemiddel (Ibid.:157). I slike organisasjonar var det vanskeleg å gripa makta, då det var apparatet som heilskap som produserte makta. Makta var absolutt diskret sidan den vart utøvd heile tida og for ein stor del stilt. Samstundes var den absolutt synleg av di den fylde med over alt og heile tida. Desse overvakingismetodane fekk grep om kroppen av di ein vart utsett for maktverknader som ein vidareformidla ved å vera hjul i maskineriet (Ibid.:161).

Den normaliserande sanksjon; F. skriv at på verkstader, i skular og i hæren utvikla det seg eit mikrostraffesystem i det moderne, som straffa tidsforsømingar, fråver og mangel på iver i tenesta. Vidare var det sanksjonar mot personar som var uhøflige, ureinslege og uanstendige, slik at dei skulle bli normale (Foucault 1975:162-163). Sitatet nedanfor illustrerer korleis *Det Normale* får fotfeste i ulike institusjonar, og korleis det samstundes framkallar både homogenitet og oppsplitting:

Det Normale får fotfeste som et tvangsprinsipp når det innføres standardisert undervisning i lærerskoler. Den får fotfeste gjennom bestrebelsene på å organisere et nasjonalt helse – og sykehusvesen som kan knesette normer for helse..... Disse normaliseringsgrader fungerer som tegn på tilhørighet til et homogent samfunnslegeme, men framkaller i seg selv klassifikasjon, hierarki og rangfordeling. I en forstand framtvinger normaliseringen homogenitet. Men den individualiserer også, ved at den gjør det mulig å måle avvikene, bestemme nivåene, fastsette spesialitetene og dra nytte av forskjellene ved å tilpasse dem hverandre (Foucault 1975:166).

Eksamen og eksaminasjon; I tillegg til hierarkisk overvaking og normalisering, skriv F. at eksaminasjon vart eit viktig dressurmiddel i det moderne. Eksaminering var eit normaliserande blikk som gjorde det mogeleg å stemple, klassifisere og straffe individa. Å

eksaminere var noko av disiplinen si kjerne, og viste tydeleg samanhengen mellom makt og kunnskap. På sjukehusa viste eksaminasjons - apparatet seg i visitt ritualet. Dette starta i det små, men utvikla seg etter kvart til å omfatta stadig viktigare delar av sjukehuset si fungering. Sjukehusa utvikla seg til stader der kunnskap oppstod og vart samla, medan dei tidlegare hadde vore stader der sjuke og hjelpetrengjande fekk omsorg. Det var ofte kristne organisasjonar som stod bak dette omsorgsarbeidet. Frå ca 1860 starta ein sjukepleieutdanning på sekulært grunnlag. Denne moderne sjukepleie oppstod i fylgje F. av di legane trong hjelp til å observera symptom og sjukdommar (Foucault 1975:168). I sjukehusa blei det viktig at legane og sjukepleiarane klarte å kjenna att dei som var sjuke, og jaga vekk dei som berre simulerte, å fylgja sjukdommen si utvikling, å sjå om behandling hadde effekt, å leggja merke til liknande tilfeller og begynnande epidemiar. Dei innlagde vart eksaminert, eksaminasjonen vart dokumentert og omgjorde individet til kasus. Eit kasus var eit individ som kunne beskrivast, bedømmast, målast og samanliknast med andre. Skildringane, registreringane vart både kontrollmiddel og hersketeknikk (Ibid.:172).

Kort oppsummering av konstruksjon av menneske ved disiplin; I det moderne konstruerte ein i fylgje F. menneske ved å manipulera kroppane slik at dei vart føyelege, funksjonelle og nyttige, og slik at det let seg gjera å analysera dei ved hjelp av vitskapelege metodar. For å få dette til var det viktig at det enkelte menneske hadde sin spesielle plass og at ein utnytta tida og kroppane maksimalt. I den samanheng skriv F. at sjukehusa vart endra frå å vera omsorgsinstitusjonar til menneskeobservatorium, ein innførde strikte grenser for kva som var normalt og unormalt, og ein omgjorde dei sjuke og pleietrengjande til kasus.

Konstruksjon av menneske ved hjelp av vedkjenningar

Seksualitet var eit område som medisinen viste stor interesse for i det moderne. Medisinen la saman med statsmakta, føringar for kva som var normal seksualitet. Fram til starten av det 17. århundre hadde det vore eit visst frimod seksuelt. Ein heldt i liten grad praksisane hemmelege, verken i ord eller gjerning, og det var rommelege reglar for kva som var grovt eller uanstendig, om ein samanliknar med det 19. hundreåret. Det normale i det moderne vart det heterofile, barneavlande paret, og den legitime seksualiteten vart innesperra på foreldresoverommet i reproduksjonen sitt alvor. Andre former for seksualitet blei stempla som unormale (Foucault 1976:13-14).

Seksualitet og klasse; I fylgje Heede (2000:128) var disiplinen spesielt viktig ved konstruksjon av arbeidarklassen, medan seksualiteten i større grad var knytt til konstruksjon av overklassen. Det var ikkje slik at borgarskapet i det moderne nekta arbeidarklassen retten til seksualitet, for at all energien og kreftene kunne kanalisert til materiell produksjon. Det var heller slik at borgarskapet frå midten av det attande hundreåret gjev seg i ferd med å tildela seg sjølv ein seksualitet og ut frå denne til å danna seg ein spesiell, sunn kropp, ein klassekropp, med tilhøyrande hygiene, avstamning og rase. Seksualiteten inngår såleis som eit nøkkelement i det oppstigande borgarskapet si sjølvforståing. Den borgarlege kjernefamilie vert ein av denne seksualiteten sine sterkaste bastionar. Seksualiteten står fram som førestillinga om ei særleg framskoten plassering i danninga av det borgarlege menneske – og på lengre sikt det moderne individ overhovudet, i takt med at borgarskapet si individforståing blir allmennmenneskeleg.

Ars erotica og scientia sexualis; I fylgje F. er det historisk sett to prosedyrar for å produsere sanningar om kjønnet; *Ars erotica og scientia sexualis*. Han skriv at *Ars erotica* har vore viktig i Kina, Japan, India, Roma, dei arabisk-muslimske samfunna. Innanfor den erotiske kunst blei sanning utvunne av sjølv nytinga, forstått som praksis og noko ein lærte gjennom erfaring. Denne viten måtte litt etter litt først attende til sjølv den seksuelle praksisen, som for å arbeida med den innanfrå og forsterka verknaden av den. Ein lærer om denne seksualiteten ved å få rettleiing av ein meister. Denne meisterkunsten har mykje større verknader enn ein skulle tru ut i frå dei tørre tilvisingane. Den som mottok slike tilvisingar skulle få fullstendig herredøme over kroppen, einestående glede, gløyma tid og grenser. F. skriv at vår sivilisasjon ikkje har nokon *ars erotica*, men praktiserer ein *scientia sexualis*, som i fleire hundre år har utvikla prosedyrer for å sei sanninga om kjønnet. Prosedyrar som står i stor kontrast til innviingskunsten. Det dreier seg om vedkjenningar (Foucault 1976:67-68).

Den undertrykte seksualiteten; Gjennom vedkjenningane skulle ein finna fram til den eigentlege, normale, naturlege men ofte undertrykte seksualiteten. F. skriv at førestillinga om ein undertrykt seksualitet er svært snedig, av di den avleier merksemda frå det eigentlege faktum; at seksualiteten sjølv er ei undertrykkjande førestilling, snarare enn ein endeleg, medfødd essens. Når moderne menneske finn på å kjempa for seksuell frigjering, går dei i røynda kanskje makta sitt ærend. Ideen om den undertrykte seksualiteten vert innpoda både på samfunnslekamen og i individet på kroppsoverflata og som politisk anatomi, samt ikkje

minst som råstoff til produksjon av den moderne sjel blant anna som den inste sanningskjerne (Foucault 76:25-61, Heede 2000:123).

Vedkjenningar; Det blei eit krav om å vedkjenna avvikande lyster og å setja ord på alle kjensler og tankar som ikkje var normale. Denne språklegging av kjønnet var velkjend i asketiske og klosterlege institusjonar. I det 17. århundre gjorde ein det til ein regel for alle å fortelja alt, ikkje berre handlingar ein hadde gjennomført, men sanslege berøringar, alle ukyske blikk, alle ukyske ord, alle ettergjevande tankar, noko sitatet nedanfor illustrerer:

Man bekjenner sine forbrytelser, man bekjenner sine synder, man bekjenner sine tanker og begjær, man bekjenner sin fortid og sine drømmer, man bekjenner sin barndom. Man bekjenner sine sykdommer og sine ulykker. Med mest mulig nøyaktighet bestreber man seg på å si det som er vanskelig å si. Man bekjenner offentlig og privat, til sine foreldre, til sine lærere, til sin lege, til dem man elsker. I lyst og smerte lager man bekjennelser overfor seg selv som det ville være umulig å foreta overfor andre, og som man lager bøker av (Foucault 1976:69).

Desse vedkjenningane blei nedteikna, systematisert, og menneske vart på bakgrunn av det systematiserte materialet, diagnostisert som normale eller avvikarar av ulike slag. Denne form for språklegging av kjønnet hadde som formål å jaga vekk dei formene for seksualitet som ikkje var underlagt reproduksjon. Den hadde som mål å seie nei til aktivitetar som ikkje var fruktbare og bannlyse nytinga av dei, slik at ein innretta ein økonomisk, nyttig og politisk bevarande seksualitet. Frå og med den kristne botsøving og fram til i dag har kjønnet vore eit privilegert emne for vedkjenning. Det er dette ein skjuler seiest det, men F. spør om det tvert om er dette ein vedkjenner på ein særeigen måte? Sett at plikta til å skjula det berre var eit anna aspekt av plikta til å vedkjenna det, slik at ein fekk materiale til å produsere sanne diskursar om kjønnet (Ibid:28-46, 69-71).

Vitskaplegging av kjønnet; F. skriv at vitskaplegging av kjønnet ved hjelp av vedkjenningar, førte til at diskursen om kjønnet snarare har blitt utvida enn redusert dei siste tre hundre åra. Vitskapen om kjønnet var i røynda ein vitskap som bygde på unnavikingar, av di den vegra seg for eller mangla evne til å snakka om kjønnet, refererte den stadig til avvik, perversjonar, eksepsjonelle, merkverdige, patologiske og sjukelege forverringar. Det var dessutan ein vitskap som var underordna bestemte moralske imperativ. Under påstand av å snakka sant vekte den frykt over alt. Den minste svinging i seksualiteten kunne innverka negativt på komande generasjonar. Det blei hevda med vitskapen i ryggen, at dei mest

hemmelege vanar og dei mest einsame maniar var farlege for heile samfunnet. På denne måten knytte vitskapen seg til ein pågåande medisinsk praksis, som veltalande proklamerte avsky, som sto klar til å koma lova og folkeviljen i møte, og som var meir enn tenestevilleg ovanfor ordensmakta enn føyeleg ovanfor fordringar om sanning. Medisinen var i beste fall ufrivillig naiv, og i dei fleste sakene var dei i fylgje F. frivillig løgnaktig. Hovmodig og innesmigrande etablerte den ei heil spekter av usømelege sjukdommar. Medisinen rettferdiggjorde dei formene for statsrasisme som var påkravd, ved å behandla eller utestengja avvikande seksualitetsformer, og fundamenterte dette i "sanning"/vitskap. Kjønnen vart konstruert som eit vitskapleg felt der ein produserte sanningar om det (Foucault 1976: 62-66).

Korleis gjekk ein fram for å konstituera denne enorme utpressinga av seksuelle vedkjenningar i vitskaplege former? F. viser til fem aspekt som kan ha vore med på å legitimera denne utspørjinga (Foucault 1976:76-78):

- a. Ein kombinerte vedkjenningane med eksaminasjon, forteljinga om seg sjølv med utfoldinga av ei mengd teikn og symptom. Vedkjenningsprosedyrane vart såleis eit felt for vitskapleg, akseptable observasjonar.
- b. Ein trudde det var kausale samanhengar mellom avvikande seksualitet og sjukdommar. Sjølv den minste hending i den seksuelle åtferda – eit uhell eller eit avvik, ein mangel eller ei overdriving – rekna ein med kunne føra til dei mest forskjelligarta konsekvensar livet igjennom. Det fins knapt ein einaste sjukdom eller fysisk forstyrring som ikkje det 19.århundre førestilte seg måtte ha, i det minste delvis, seksuell etologi. Frå barna sine dårlege vanar til dei vaksne sin tuberkulose, dei gamle sine slagtilfelle, nervesjukdommar osv. Dei uavgrensa farane som kjønnen bar med seg, rettferdiggjorde at det vart underlagt uttømmeleg ransaking.
- c. Ein legitimerte dessutan vedkjenningane på bakgrunn av at seksualiteten hadde noko hemmeleg og uforståeleg ved seg som ein laut prøva å forstå.
- d. Vidare kunne vedkjenningane få fram i lyset det som var skjult for individet sjølv.
- e. Dessutan trong ein fagfolk til å forklare seksualiteten. Vedkjenningane om seksualiteten vart til teikn som måtte fortolkast av legar og andre som hadde greie på det, slik at dei kunne sei sanninga om seksualiteten. Den som lyttar fekk ein hermeneutisk funksjon. Dette førte til at det i det 19.århundre var mogeleg å få vedkjenningsprosedyrane til å fungera som ein vitskapleg diskurs. På bakgrunn av vedkjenningane sette ein i verk terapeutiske behandlingar overfor unormal og patologisk seksualitet. Kjønnen vart eit felt med mykje patologi.

F. skriv at medisinen, psykiatrien og pedagogikken etablert eit stort arkiv for kjønnsnytingar gjennom vedkjenningane. I plassen for ars erotica (nytings erotikken) fann ein opp ei anna form for nyting; Nytinga ved sanninga om nytinga, nytinga ved å kjenna den, visa den fram, oppdaga den, fascinerast ved å sjå den, fanga og fengsla andre ved hjelp av den. Nytinga ved å fortelje i løynd om den. Dette var ei ny form for nyting som var spesifikk for den sanne diskursen om nytinga. Nytinga ved å lytta/bli lytta til, og produsera/bli produsert sanningar om (Foucault 1976: 67-68, 74-75, 84-85).

Kort oppsummering av konstruksjon av menneske ved hjelp av vedkjenningar; I det moderne utgjorde i fylgje F. det barneavlande paret den einaste form for legitim seksualitet. Andre former for seksualitet vart stempla som unormal. Den unormale seksualiteten var farleg, og kunne føra til alvorlege sjukdommar. Derfor var det viktig at ein oppsøkte fagfolk og gjorde nøye greie for avvikande seksuelle tankar og handlingar. Gjennom ulike terapeutiske tiltak kunne ein bli ført attende til den eigentlege, naturlege seksualiteten som ein hadde undertrykt.

Konstruksjon som sjølvkultivering

Gresk, antikk seksualitet; Når F. studerte antikke greske bysamfunn i det 3.og 4. hundre året før vår tidsrekning fann han andre måtar å tenkje om nyting og seksualitet på. I desse samfunna hadde frie menn full seksuell fridom. Det var ingen seksuelle praksisar som blei sett på som moralsk forkastelege i seg sjølv. Det var blant anna nokså vanleg med seksuelt samkvem mellom vaksne frie menn, og gutar som sidan skulle bli frie menn. Det var desse forholda som spesielt blei problematisert. For at begge partar skulle bevare sin fridom og verd, var det viktig at både guten og mannen var varsame og ikkje gjorde noko som gjekk på tvers av eigen integritet. Ein måtte ha kontroll over attrå og lyster, ikkje bli slave av dei. Dei kroppslege, seksuelle praksisane var underlegen kjærleiken til sjela, det sanne. I denne platonske erotikken var det viktig at den elskande ikkje blir objekt, men eit subjekt, på grunn av den gjensidige utveksling begge partar har rett til. Dersom ikkje subjekt/subjekt relasjonar var mogeleg, var det eit ideal å avstå frå sex (Foucault 1984/2001: 263-285).

Hellenistisk seksualitet; I den hellenistiske verda dei to fyrste hundreåra av vår tidsrekning vart problematiseringa kring seksualiteten i større grad flytta frå homofile forhold mellom frie menn, til samlivet i heterofile ekteskap. Medan ekteskapa i den klassiske greske perioden var ein kontrakt mellom ein far som gifta bort dottera og den mannlege ektefellen, var ekteskapet i den hellenistiske verda i større grad kjenneteikna ved ei samlivsform mellom to partar som

fritt har samtykka i å leva saman. Ulikskapane mellom kjønna vart meir utjamna, sjølv om dei dermed ikkje på nokon måte forsvann. Medan problemstillingane i den klassiske greske perioden var knytt til korleis frie menn skulle konstituere seg som moralske seksuelle subjekt i homofile forhold mellom frie menn, er hovudfokus i den hellenistiske perioden i større grad konsentrert om konstruksjon av mannen som moralsk, seksuelt subjekt i ekteskapsrelasjonen (Foucault 1984/2002:86-98). I begge periodar dreide det seg om sjølvkultivering.

Om å skape seg sjølv i samfunn med andre menneske; Sjølvgranskaren som prøver å finna seg sjølv, vert framstilt som ei diametral motsetning til den antikke, frie mannen, som ikkje strevar etter å finna sjølv, men å skapa det (Heede 2000:136). Fokus i antikken er den friviljuge kontroll over seg sjølv, den enkelte si styring av seg sjølv (Ibid.:138). Dei som var mest opptekne av streng åtferd, var samstundes dei som insisterte mest på naudvende av å oppfylle pliktene sine i storsamfunnet, ovanfor medborgarar og familien, og som oftast kritisere praksisar der ein trekte seg attende for å visa ei haldning prega av at ein var slapp, egoistisk og sjølvtilfreds. Den som skal regjere over andre lyt fyrst lære å ta omsorg for seg sjølv, ikkje rikdommar og ære, men si eiga sjel. Ein skulle perfeksjonere, pleie, arbeide med sjela ved hjelp av fornufta – syrgja for sjela si helse. Denne livskunsten skulle stå i sentrum frå unge dagar, men samstundes var det aldri for seint å begynne. Denne livskunsten skulle gjera ein overttydd over at ein ikkje skulle la seg opphissa av andre personar, ulykker eller ting (Foucault 1976:54-61). Det var eit hovudpoeng at det ikkje var ei øving i einsemd, men ein viktig sosial praksis. Den som vil pleia seg sjølv kunne ha gleda av å søkja råd hjå ein annan. Denne andre trong ikkje vera ein sakkynndig, men heilt enkelt eit menneske som var ope og hjarteleg. Sjølvomsorga innebar såleis ei intensivering av dei sosiale relasjonane, og det låg store gevinstar i det perfekte vennskap der begge partar heile tida ville vera den andre sin hjelpar (Ibid.:61-66).

Sambandet mellom medisin og filosofi; I fylgje F. hadde den greske kulturen lange tradisjonar med at sjølvomsorga er nært forbunde med medisinsk tenking og praksis. Filosofi og medisin vart rekna som to sider av same sak. Det var ikkje berre mogeleg å bruke same type teoretisk analyse på fysiske forstyrringar og moralsk uorden, men også å fylgja same framgangsmåte når ein skulle gripa inn i kvar av dei, ta seg av dei, pleia dei og eventuelt gjera dei friske att. Det blei brukt ei rekkje medisinske ord og uttrykk for å gjera greie for dei tiltak som var nødvendige for å pleia sjela; Føra skalpellen inn i såret, stikka hol på verkebyll, amputera osv. Å danna seg sjølv og å pleia seg sjølv var aktivitetar som ikkje kunne skiljast. Ein

filosofiskule kunne i fylgje F. samanliknast med eit konsultasjonsrom. Når ein gjekk ut derifrå skulle ein ikkje ha nytt, men lidd. Elevane som kom for å lære filosofi skulle ikkje fyrst og fremst sjå på seg sjølv som skuleelevar, men som sjuke som hadde verkebyllar, fistlar, vondt i hovudet eller annan sjukdom (Foucault 1976:66- 69). I sambandet mellom sjølvkultivering og medisinsk omsorg utvikla det seg i fylgje F. ei spesiell form for kroppsleg merksemd som var både særeigen og intens. Ein laut korrigerer sjela dersom ein ikkje ville at kroppen skulle ta fullstendig herredøme over den, samstundes laut ein forbetra kroppen dersom ein ville at sjela skulle bevare fullstendig herredøme over seg sjølv. Gamle greske skrifter tyder på at kroppspleia hadde ein stor plass i sjølvkultiveringa. Ein var oppteken av at ein ikkje skulle overdriva, av å forvalta dietten rett, ein lytta etter forstyrningar og funksjonsavvik. Både årstider, klima, ernæring og levevis kunne påverka kroppen, og dermed sjela. Ut i frå samanstillinga av medisin og filosofi, fekk den enkelte sjølv ansvar for å vurdere om ein var frisk, sjuk eller truga av sjukdom, og om ein trong behandling (Foucault 1976:69-72).

Avhaldsøvingar; Eit anna viktig moment i sjølvkultiveringa var i fylgje F. ulike former for avhaldsøvingar, øvingar i å gjera seg uavhengig av det som ikkje var nødvendig og vesentleg. Kvar månad måtte ein ha prøvestunder med fiktiv fattigdom. Ein gjorde seg såleis kjent med det minimum ein kunne klare seg med. Tanken bak var at når ein er rik, kjenner ein seg rolegare om ein har kjennskap til kor lite vanskeleg det er å vera fattig. Ein annan viktig faktor i sjølvkultiveringa var morgon- og kveldseksaminasjon av sinnet.

Morgoneksaminasjonen skulle førebu ein til dagen, medan kveldseksaminasjonen skulle friske opp att dagen som var gått. Når ein såleis ikkje skjulte noko for seg sjølv, ikkje hoppa over noko, så var det for å innprente seg det som var rett, slik at ein seinare hadde det present i medvitet. Eit anna viktig moment i tankearbeidet, var evna til å læra seg å skilja mellom det som avheng av ein sjølv og det som ikkje var det. Ein måtte sikre seg slik at ein ikkje knytte seg til det som ein ikkje hadde kontroll over. Dette var ikkje det same som å spørja etter førestillingane sine djupare opphav, heller ikkje å leita etter ei skjult meining, men snarare å vurdere tilhøvet mellom seg sjølv og det som vart presentert, slik at ein i sjølvkultiveringa berre godtok det som var avhengig av subjektet sine frie og fornuftige val (Foucault 1976: 73-80).

Nyting; Ved hjelp av sjølvkultiveringspraksisane som er nemnde ovanfor, vart ein fri, uavhengig og tilhørde berre seg sjølv, vart sin eigen og øvde makt over seg sjølv som ingen kunne truga. Ein skapte seg sjølv slik at ein nytte seg sjølv. Når nytinga var fundert i ein sjølv,

ville gleda florera. Ein var tilfreds med det ein var og godtok å nøya seg med det. Ingen ytre faktorar kunne innverka på denne tilstanden (Foucault 1976:80).

Kort oppsummering av konstruksjon som sjølvkultivering; I gresk antikk -, og hellenistisk kultur hadde diskursen kring seksualitet i fylgje F. fokus på korleis frie menn kunne konstruere seg sjølv som verdige personar/subjekt i ulike former for seksuelle relasjonar med andre subjekt. For å konstruere seg som subjekt måtte ein ha kontroll over seg sjølv. Dette kunne ein øve seg opp til ved god kroppspleie, ulike avhaldsøvingar, morgon – og kveldseksaminasjonar der ein arbeidde med tanken. Den som skapte seg slik, blei ein uavhengig, fri mann som hadde fundert nyttinga i seg sjølv.

Diskusjon

Hovudspørsmålet i dette essayet var kva F. meiner med omgrepet konstruksjon. Svaret er kort fortald at han ser på menneske som ein konstruksjon. Han viser at storleikar ved menneske som kropp, kjønn og seksualitet, som gjerne har blitt rekna som medfødde, essensielle strukturar, har blitt konstruert på ulikt vis i ulike historiske periodar i vestlege kulturar. Sidan dette essayet er obligatorisk del av ein doktorgrad i sjukepleievitskap kan det vera relevant å diskutera om, eventuelt korleis F. kan stimulere til kritisk refleksjon kring sjukepleie i helseinstitusjonar, kring vitskap generelt, og kring sjukepleieforskning spesielt.

Refleksjonar kring disiplin, kropp og sjølvkultivering i helseinstitusjonar

Disiplin i helseinstitusjonar: Ein stor del av sjukepleiarar sitt arbeid er knytt til ulike helseinstitusjonar, det same er mange at studiane som vert gjennomført i sjukepleievitskap. I den samanheng kan ein spørje om fenomen som F. analyser, slikt som disiplin i det moderne, eksisterer i dag (Baudrillard, refert i Heede:2002:166). På bakgrunn av mitt kjennskap til både sjukehus og sjukeheimar, verkar F. sine utleggingar om den føyelege, tenestevillege, pliktoppfyllande, flittige kroppen framleis meningsfull (jf. s.2). Det er slike kvalitetar helseinstitusjonar krev av sitt pleiepersonell. Pleie finn stad innanfor svært stramme timeplanar der pleiarane lyt utnytte alle disponible augneblinkar og krefter (Ellingsæter, Solheim 2002). Pasientane lyt og vera føyelege. Det er for eksempel ikkje stort rom for at den enkelte pasient kan avgjere kor ofte og når tid vedkomande vil dusje eller vaske håret. Om pasientar skulle ynskje karbad, er det ofte umogeleg, då slike innretningar kan vera fjerna frå institusjonen.

Kropp i helseinstitusjonar: Store delar av sjukepleiarane si tid inneber kroppsspleie av ulike slag. 95 % av pasientane ved slike institusjonar treng hjelp til å få vaska og stelt seg/hjelp i toalettsituasjonar (NSF 2003). Dette omtaler ein gjerne som prosedyrar og personleg hygiene. Denne diskursen har i liten grad inkludert nyttingsaspekt og eventuelle potensiale for velvere i kroppsslege relasjonar mellom pasientar og pleiarar. Manglande fokus på slike aspekt kan ha samanheng med den kroppskulturen som F. meiner har utvikla seg i det moderne Vesten, der ein har fokuset meir på nytte enn nyting, og der kroppssleg kontakt mellom vaksne menneske i stor grad blei knytt til heteroseksuelle akter (jf. s. 2 og s.5). Heller ikkje denne seksualakta skulle nytast; Ein meinte blant anna at kvinner som fekk barselseber hadde hatt glede av befruktinga. Denne vellyst vart assosiert med låg moral og blei derfor straffa med sjukdom (Fjelland1999:196-199). Freud er eit anna eksempel på antiberøringskulturen som utvikla seg i det moderne; Tidleg i si karriere nærma han seg pasientane sine ved å massere og stryke på dei. På grunn av dette blei han sett på som seksuell avvikar. Derfor tok han seinare avstand frå desse kroppsslege praksisane. Det blei viktig å unngå all fysisk kontakt med pasientane, sjølv om formålet var aseksuelt (Autton1990:26). No er det lenge sidan Semmelweis fann årsaka til barselsebereren, Freud er for lengst død og dei seksuelle normene har endra seg mykje, men berøring i profesjonelle relasjonar er framleis lite omsnakka og problematisert. Det verkar mest som eit tabu emne. Dette kan ha samanheng med at ein er redd for at nyting skal bli forveksla med seksualitet; Eit av dei mest populære artiklane i sex butikkar er nettopp ulike former for sexy sjukepleieuniformer (Heian 2003). Når ein ser slik samankopling av berøring og seksualitet, vert det kanskje forståeleg at både pasientar og pleiarar omtaler kroppsspleie som prosedyrar og personleg hygiene, og at dei i liten grad fokuserer på nyting og velvere. Begge partar vil støtte seg til ein diskurs som framstiller dei på ein verdig måte. Men kanskje tida er mogen for nye kroppsspleiediskursar? Alle dei nye massasje- og hudpleieinstitutta som dukkar opp kan vera uttrykk for at menneske i Vesten torer å vedkjenna seg behov for å bli tatt på og å nyta i andre samanhengar enn dei seksuelle? Kanskje me held på å konstruera ein kroppsspleiekultur, som i større grad ser på samanhengen mellom kropp og sjel slik dei gamle grekarane gjorde. Dei la vekt på å kultivera seg sjølv ved å pleia både kropp og sjel. Omsorg i form av kroppsspleie var viktig for å styrkja sjela, og vis versa. Å danna seg sjølv og å pleia seg sjølv var to sider av same sak (jf. s.11).

Problematisering av sjølvkultivering i pleiesituasjonar; Personar som vaskar og steller sjuke - og pleietrengjande sine kroppar har gjerne blitt tildelt låg status. Dette kan ha samanheng med at slikt arbeid gjerne vert rekna som ureint (Douglas 1997, Solheim 1998). F. sine analyser

tek utgangspunkt i den frie (reine) overklasse mannen sin konstruksjon av seg sjølv (jf. s.9-12). Motpolen til den frie mann var ufrie individ som andre hadde makt over. Vigdis Songe-Møller (1999:275) kritiserer F. for ikkje å reflektere over dei etiske problemstillingane knytt til at den greske, frie mannen trong ein ikkje-borgar for å definere seg. Medan borgaren var den mandige og aktive, var ikkje-borgaren feminin og passiv, anten vedkomande var kvinne eller mann. Den maskuline hadde herredøme over sitt attrå, medan den feminine (mann eller kvinne) let seg riva med. Songe-Møller meiner F. på mange vis idylliserer denne frie mannen (Ibid.:243-246). Ho kan ha rett i den kritikken, men uavhengig av tid, stad, status og kjønn, kan F. sine tankar om sjølvkultivering minna oss om at me i alle situasjonar/relasjonar har ansvar for korleis me skaper oss sjølve. Det er viktig å problematisera at subjekt/subjekt relasjonar kan vera spesielt vanskeleg å realisera i pasient/pleiar relasjonar. Pasientane er i ein avhengig situasjon til pleiarane og lyt i stor grad føya seg etter dei. Samstundes som pleiarane er i ein sterkare posisjon enn pasientane, har heller ikkje dei stort rom for seg sjølv. Dei må heile tida vere innstilt på å koma pasienten sine behov i møte. Det er i stor grad andre sine behov for å få vaska og stelt seg, koma på toalettet, for mat/drikke, kvile/søvn som regulerer arbeidsdagen (Bakken 2001). Det er i det heile eit ope spørsmål om desse relasjonane er/kan bli subjekt/subjekt relasjonar, eller om dei i stor grad er subjekt/objekt relasjonar. Spørsmålet er om subjekt/subjekt relasjonar er ein naudsynt føresetnad for sjølvkultivering, eller om slik kultivering og kan finna stad i ikkje jamstelte relasjonar? Eg meiner ja; I alle situasjonar, både som over- og underordna kan menneske skapa seg sjølv, men både rammefaktorar og relasjonar til andre menneske vil påverka denne sjølvkonstruksjonen, samstundes som menneske er noko meir enn summen av ytre påverknad, då ulike menneske konstruerer seg sjølv på mangfaldige vis i elles like kontekstar.

Fåren med å fokusera på ulike former for sjølvkultivering/sjølvomsorg, menneske sin skapning av sine egne liv, er at slike fokus kan bli nytta politisk som argument for blant anna å redusera sosialbudsjett ved å argumentera for at den enkelte lyt ta større ansvar for seg sjølv (Heede 2002:167). Slik eg ser det vil rommelege sosialbudsjett vera med på å fremja sjølvkultivering i sjukeheimar, samstundes som økonomi åleine ikkje er nok; Den enkelte pasient og pleiar lyt også arbeide med seg sjølv som menneske og for pleiarane sin del, for å konstruera seg som dyktige fagpersonar.

Refleksjonar kring vitenskapleg tenking og aktivitet

Helseinstitusjonar som menneskeobservatorium; Eksaminasjon/dokumentasjon og omgrepet menneskeobservatorium som F skriv om (jf. 4), har på mange vis passa godt som merkelapp på sjukehusa som har drive med omfattande forskning, men i våre dagar har ein i Noreg utpeika fleire undervisningssjukeheimar, for blant anna å fremja vitenskapleg aktivitet. Er det som var meint som heimar for eldre i ferd med å bli observatorium, og pasientane kasus, forskingsmateriale, eller har slike institusjonar eigentleg aldri hatt som intensjon å vera heim, men heller stader der ein kunne gøyma bort ureine, ukontrollerte, unyttige kroppar, slik ein tidlegare gøymde bort fattige, omstreifarar og andre avvikarar/unnormale (jf. s.3)? Dersom sjukeheimar er meint som heimar kan omfattande forskingsaktivitet kanskje verke forstyrrande. Både observasjon og intervju kan bli ei påkjenning for pasientar og pleiarar i sjukeheimar, men det kan og vere at dei opplever det som positivt at dei har noko viktig å visa fram/fortelja.

Vitenskap og makt; Kanskje er det godt at nokon lyttar til det ein har å sei om ulike emne? Kanskje F. har rett i at me er blitt ein vedkjennande kultur, der me nyt å bli lytta til og å lytta (jf. s.7)? Den vitenskaplege konteksten det heile finn stad i legitimerer denne verksemda. Det kritiske spørsmålet er om ein helst bør avstå frå denne form for vitenskapleg aktivitet? Eg trur me lyt vera saman med og lytta til dei som kan noko om eit emne, dersom me ynskjer større innsikt i for eksempel kroppspileierelasjonar. Det kritiske spørsmålet vert korleis me gjennomfører for eksempel observasjon og intervju, og korleis me analyserer og framstiller forskingsresultata. Subjekt/subjekt relasjonar er vanskeleg å realisera i forskingssamanheng, då forskar er i ein overlegen posisjon; Det er ho som i stor grad avgjer kva som er adekvate tema og korleis det ho har høyr/sett skal analyserast/fortolkast. Som forskar opplever eg det som ei viktig men vanskeleg utfordring å laga rom for dei frie, mangfaldige menneska i forskingssamanheng; Når observasjonar og intervju skal systematiserast leitar ein gjerne etter mønster i materialet. Det treng ikkje vera noko galt i det, men det kan bli uetisk, dersom ein plasserer menneske i båsar, gjev dei merkelappar dei ikkje ynskjer å vera i/ha. F. utfordrar kunnskapsteoretisk vanetenking, og oppfordrar oss til å stille spørsmålsteikn ved etablerte sanningsregime (jf. s.5-9). Utfordringa blir å få fram mangfaldet, stilla kritiske, nye og uvante spørsmål til det ein ser og høyrer. Denne vitenskapsteoretiske posisjonen inneber ikkje at ingen ting er gitt, at alt er relativt, at alt er like bra, men ein slik posisjon kan stimulera oss til å sjå på kjende fenomen på nye måtar, på same vis som F. gjennom sine analyser av seksualitet

viser at mykje av det ein har rekna for gitt, medfødd, essensielt, viser seg å vera konstruksjonar (Scanning 1997:268-282).

Som sjukepleiar og forskar er det viktig at ein er medviten den maktposisjon ein står i, og ein lyt vera forsiktig med å framstå som ein betre-vitar både i forskingsprosessen og seinare ved presentasjon av resultata frå studien. I den samanheng har ein mykje å læra av F. (jf .s.7-8). Han skriv at kunnskap som har kome fram gjennom vitenskapleg aktivitet, gjerne vert tilagt større vekt enn andre kunnskapsformer. F. skriv at i vårt samfunn heng makt tett saman med viten, og det er vitskapen som fortel oss kva som er rett og galt. Det er der me vender oss når me skal søkja "sanninga", ikkje minst om oss sjølve (Heede 2000:44). Han meinte det var viktig at den intellektuelle unngår å fungere som "sannhetens embedsmenn". Ein må vera klar over dei maktsamhengar ein deltek i. F. var svært forsiktig med å levera konkrete handlingstilvisningar og å produsere positiv viten/fakta.

Konstruksjon av forskar; Sjølv om F. ikkje inkluderer sin eigen posisjon i si forskning, så kan det sjå ut for at han på mange vis meiner sjølvkultiveringa gjeld forskar. Han er oppteken av å frigjera menneske gjennom å stilla nye spørsmål til vedtekne sanningar. Han drøyer om ein intellektuell som oppløyer sjølvinnlysande sanningar og universalforklaringar. Denne intellektuelle må kunna spela i tom luft og unngå førestillingar om opphav, essensar, oppsøkje tilfeldighetar og mangfald (Heede 2000:11-12). F. er oppteken av at me ikkje berre skal stille kritiske spørsmål til, og prøve å rive oss laus frå urettvise og undertrykkjande kontekstar og strukturar, men han stimulerer oss til å arbeide med å rive oss laus frå oss sjølve (Heede 2000:26). Denne sjølvkritiske innstillinga har mange parallellar til Skjervheim (2001) sine tankar; Han presiserer at forskar ikkje har nokon objektiv utanfrå posisjon. Derfor må forskar gjere greie for og vere kritisk til eigen innverknad på kunnskapskonstruksjonen.

Menneskesyn; Vitskapsteoretisk posisjonering og menneskesyn er tett samanvevd. F. ser ut for å representere eit menneskesyn som legg stor vekt på menneske sine potensiale. Menneske kan bli konstruert og konstruere seg sjølv på mangfaldige vis. Han verkar såleis på linje med Aristoteles og Skjervheim. Dei såg heller ikkje på menneske som noko fastlagd og ferdig faktum, men som potensiale. Potensielt er menneske både godt og vondt, men det verkelege menneske er ikkje det naturlege menneske, men det menneske som sjølv, med utgangspunkt i det det potensielt er, har realisert seg sjølv i samsvar med fornufta, eller som har feila i dette. Det naturlege menneske er eit slags materiale som det verkelege menneske må gjeva form til

gjennom si livsføring. Menneskelivet må førast. Det at mennesket kan tenkja og handla fritt i ulike situasjonar, vil stå i motsetnad til ei oppfatning av menneske som eit føreliggjande, reint biologisk faktum, som kan studerast som naturen elles. Fridom inneber at ein ikkje veit kva ulike personar vil meine i ulike samanhengar og at ein ikkje veit kva retning ulike menneskeliv vil ta (Skjervheim 2001:74-78,137-139).

Avsluttande kommentarar

Som avslutting vil eg kort oppsummere korleis F. sine utleggingar av disiplin, vedkjenning og sjølvkultivering kan kaste lys over ein observasjons – og intervjustudie om pasientar og pleiarar si handtering - og oppleving av kroppspleierelasjonar i sjukeheimsinstitusjonar.

F. sine utleggingar om den føyelege, nyttige, tenesteviljuge kroppen i det moderne, verkar framleis aktuelle når ein vil prøva å forstå konstruksjon av pasientar og pleiarar i sjukeheimsinstitusjonar. Vidare verkar det forståeleg at kroppspleie gjerne har blitt omtala som personleg hygiene og prosedyrar, når ein ser på den kroppskulturen som blei konstruert i det moderne, der den einaste legitime kroppslege berøring mellom vaksne var knytt til heteroseksuelle aktivitetar. No er det teikn i tida som tyder på at menneske i vår tid/-kultur er opne for nye måtar å snakke om kropp/vere kropp, der kroppspleie som velvere er tydelegare. Såleis kan kroppspleiediskursane til dei gamle grekarane som F. viser til, kasta lys over ein studie om kroppspleierelasjonar i vår tid, då dei la stor vekt på kroppspleie i samband med sjølvkonstruksjon. Dei gamle grekarane si problematisering av subjekt/subjekt relasjonar kan vidare stimulera til kritisk refleksjon når ein vil prøve å forstå konstruksjon av kroppspleierelasjonar.

F. viser korleis menneske i ulike periodar har handtert liva sine, men han fokuserte ikkje på opplevingsperspektiv. Såleis er ikkje hans vitskapsposisjon dekkande for studiar som vil fokusere på både handterings- og opplevingsperspektiv, slik eg vil i studien om kroppspleierelasjonar. F. sin kritikk av vedkjenningskulturen kan på mange vis tolkast som kritikk av forskning som har fokus på opplevingsperspektiv. Sjølv om F. ikkje har overttydd meg om at eg som forskar skal la vera å inkludera pasientar og pleiarar sine opplevingar av kroppspleierelasjonar i studien, stimulerer han meg til å visa varsemnd i alle delar av prosessen, - til å vera kritisk ved konstruksjon av forskingssituasjonar, kritisk ved konstruksjon - /presentasjon av resultat og til å vera medviten den makt eg har som forskar., og til auka medvit kring eigen vitskapsposisjon; Eg leitar eg ikkje etter , og trur heller ikkje at

det fins essensar eller endelege fakta om den eigentlege kroppspleierelasjonen. Derimot verkar det meiningsfullt å prøva å få fram mangfaldet i måtane pasientar og pleiarar handterer og opplever slike situasjonar på. Ein slik forskingsposisjon understrekar menneske sin fridom og menneske sine potensiale til å konstruere seg sjølv på ulike vis i elles like kroppspleierelasjonar.

Referansar

- Autton N.** (1990). Berøring. Eikstein Forlag
- Bakken R.** (2001). Modermordet, om sykepleie, kjønn og kultur. Universitetsforlaget
- Callewaert S.** (2003). Fra Bourdieus og Foucaults verden. Tid & Tanke, København
- Douglas M.** (1997). Reint, ureint. Pax
- Ellingsæter AL., Solheim J.** (2002). Den usynlige hånd. Gyldendal Akademisk
- Fjelland R.** (1999). Innføring i vitenskapsteori. Universitetsforlaget
- Foucault M.** (1975/1999). Overvåging og straff. Gyldendal, Norge
- Foucault M.** (1976/1999). Seksualitetens historie I. Vilje til viten. Oslo: Gyldendal Forlag
- Foucault M.** (1984/2001). Seksualitetens historie II. Bruken av nytelsen. Exil
- Foucault M.** (1984/2002). Seksualitetens historie III. Omsorgen for seg selv. Exil
- Heede D.** (2000): Det tomme menneske. København: Museum Tusulanums forlag.
- Heian H.** (2003). Lekestue for voksne jenter. Bergens Tidende, 120403, side 33
- Norsk Sykepleierforbunds informasjonsavdeling.** (2003). Harde fakta om sykehjem. Tidsskriftet Sykepleien, 5:28
- Schaaning E.** (1997): Vitenskap som skapt viten. Oslo, Spartacus forlag
- Skjervheim H.** (2001). Deltakar og tilskodar og andre essays. Ide og tanke, Aschehoug
- Solheim J.** (1998). Den åpne kroppen. Om kjønnsymbolikk i moderne kultur. Pax
- Songe-Møller V.** (1999). Den greske drømmen om kvinnens overflødigheit. Cappelens upopulære skrifter

